



Aurland kommune

---

# Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan

**2017 -  
2020**

---

Handlingsdelen gjev grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanen sin handlingsdel skal vidare konkretisera tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Handlingsdelen skal rullerast årleg. Dette er i samsvar med plikta etter kommunelova til å utarbeida økonomiplan, som kan vera ein del av handlingsdelen. Kommunelova §5 stiller krav om at kommuneplanlegginga skal sjåast i samanheng med tilgjengelege økonomiske ressursar og økonomiplanen.

## Innhold

Føreord.....	3
1. Plansystemet .....	4
2. Økonomiplan 2017-2020 .....	6
2.1 Økonomiske rammeføresetnader .....	6
2.2 Målsettingar for nøkkelområde.....	7
2.3 Driftsbudsjett 2017-2020 .....	9
2.4 Investeringar 2017-2020 .....	10
3. Handlingsdel 2017-2020.....	14
Temaområde i planperioden .....	14
3.1 Folkehelse, bustad og næring .....	14
3.2 Bærekraft, miljø og beredskap .....	17
3.3 Kommunale tenester .....	19
4. Kommunal planstrategi .....	23
4.1 Overordna føringar:.....	23
4.2 Prioriterte planoppgåver .....	24

### Sentrale styringsdokument:

- Kommunedelplan for næring
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Grunnlagsmateriale – Analyse og utfordringsdokument i samband med arbeidet med Kommunal Planstrategi(KPS).
- Hovudplan for vatn- og avlaup
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for klima og energi
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Kommuneplan for Aurland.

## **Føreord**

---

Dette dokumentet utgjør kommuneplanen sin handlingsdel i tråd med plan- og bygningslova § 11-1 og økonomiplan 2017 - 2020 i tråd med kommunelova § 44. Kommunal planstrategi etter pbl kap 10 er ein del av dokumentet.

Framlegg til handlingsdel med økonomiplan og planstrategi vart lagt ut på høyring 07.09.2016. Høyringsframlegget var utarbeidd med bakgrunn i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken handlingsdel med økonomiplan 2016-2019 og kommune-proposisjonen 2017. Andre relevante grunnlagsdokument er KOSTRA-analyse (KS-K rapport 08/16), Gjennomgang av pleie og omsorg (RO mai 2016) og Kommunebarometeret 2016

Etter høyringsrunden har regjeringa lagt fram sitt framlegg til statsbudsjett 2017 og kommunen har motteke berekningar på eigedomsskatt for 2017. Eigedomsskatten for 2017 blir redusert med 12 millionar. Dette er ein nettoreduksjon på 11 millionar i høve til høyringsframlegget. Rådmannen har funne det naudsynt å revidere framlegget før slutthandsaming av planen i kommunestyret.

Arbeidet med handlingsdel med økonomiplan og planstrategi vart forankra i kommunestyret sitt økonomiplanseminar. På seminaret bidrog KS konsulenter og RO med gjennomgangar av KOSTRA og førebelse funn i ei analyse av pleie og omsorgstenestene i Aurland. I tillegg til medlemmane i kommunestyret og utvalsmedlemmane, deltok tenesteleiarane og tillitsvalde med på økonomiplanseminaret. Den endelege analysen vart presentert for kommunestyret 09. juni 2016.

Formannskapet fekk i møte 09.06.16 framlagt budsjettnotat nr 1 med inntektsprognosar som ligg til grunn for driftsinntektene i økonomiplandelen for perioden 2017-2020.

Overordna blir det viktig å ha fokus på både tenesteutvikling og samfunnsutvikling. Innanfor tema samfunnsutvikling er beredskap, bustadbygging, folkehelse og klima sentrale tema. Innanfor tenestene vil det vere stort fokus på kvalitet og styring, effektivitet og einheitskostnader, samt tenesteutvikling.

Rådmannen har med dette gitt sine tilrådingar. Det er kommunestyret som vedtek kommunen sine mål og rammer for planperioden. Eventuelle endringar må ha realistisk inndekning.

Aurland, 22. november 2016  
Rådmann

# 1. Plansystemet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Planen gjeld for 12 år og behovet for rullert vert handtert gjennom kommunal planstrategi. Kommuneplanen tek stilling til mål og strategiar for Aurlandssamfunnet og for kommunen som organisasjon.

Gjeldande kommuneplan har 7 temaområde:

- Næringsutvikling
- Tettstadsutvikling
- Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling
- Bustadpolitikk
- Folkehelse, universell utforming, barn og unge
- Sikkerheit og beredskap
- Kommunale tenester

<b>Kommuneplan for Aurland kommune</b> Samfunnsdel: 2007 – 2019 Arealdel med konsekvensvurdering: 2008 - 2020						
<b>Vision:</b> Aurland – det naturlege vall <b>Kommunen sine verdiar:</b> <i>Menneske i sentrum, tradisjon og kulturhistorie, langsiktige berekraftig utvikling, samt lokal ressursutnytting og foredling.</i> <b>Mål for kommunen:</b> <i>Auke folketalet i kommunen, mangfaldig næringsliv, arbeidsplassar – heile året, bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen, oppretthalde busetnad i grendene, attraktive fritidstilbod, trygt oppvekstmiljø, god tenesteyting, arbeide for berekraftig samfunnsutvikling.</i>						
Næringsutvikling	Tettstadutvikling	Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling	Bustadpolitikk	Folkehelse, universell utforming og barne og unge.	Sikkerheit og beredskap	Kommunale tenester
Aurland kommune skal ha heilårsarbeidsplassar innanfor eit mangfaldig næringsliv til alle som ynskjer å arbeide i kommunen	Tettstadane i kommunen skal vere attraktive bustadområde og gode møteplassar for fastbuande og tilreisande. Tettstadutviklinga skal skje med grunnlag i arkitektonisk og kulturhistorisk medvit og vere funksjonelle for alle. Aurlandsvungen skal vere eit sterkt kommunesenter med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.	Aurland kommune vil trekkje innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft.	Busetnaden i heile kommunen skal oppretthaldast.	Utvikle eit aktivt folkehelsearbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser. Førebygge meir, reparere mindre.	Aurland kommune vil leggja vekt på beredskap og tryggleikssyn i alle kommunal verksemd og planlegging. Det er eit krav om at ambulansetjenesta må ha heilårleg, akutt døgnambulansetjeneste i Aurland.	Aurland kommune skal ha godt tjenestetilbod kjenneteikna ved: God tilpassing til innbyggjarane sitt behov, effektivitet, kvalitetsbevisste og motiverte medarbeidarar og god organisasjonskultur.
Kommuneplanen sin samfunnsdel seier kva som er viktig å halde fokus på i Aurland, oppfølging skjer via tertialrapportering og årsmeldinga						
<b>12-årige mål i kommuneplanen</b>						
<b>4-årige mål</b> i kortsiktig del av kommuneplanen/strategiske mål i strategisk handlingsdel med økonomiplan som gir ambisjonsnivået, dvs kva og når						
<b>Årsbudsjett:</b> Fokusområde, kritiske suksessfaktorar, kva er viktig å gjera for å nå strategiske måla						
<b>Administrativ gjennomgang av vedtatt mål = Verksamdsplan</b> med dei tiltak/arbeidsmål som er viktig for å nå vedtatt mål						

Med bakgrunn i kapittelinnendinga i kommuneplan er temaområda i handlingsdel med økonomiplan redusert til tre temaområde. Temaområda er:

1. Folkehelse, bustad og næring
2. Bærekraft, miljø og beredskap
3. Kommunale tenester


Aurland kommune samordner økonomiplanen med kommuneplanen sin handlingsdel. Økonomiplan er eit kapittel i handlingsdelen. Kommunal planstrategi inngår som del av planen.

Dei langsiktige måla i vedteken kommuneplan og kommunedelplanar syner kva moglegheiter og utfordringar som er dei viktigaste. Kommuneplanen og kommunedelplanar danner grunnlag for prioriteringar i kommunen sin handlingsdel med økonomiplan. Denne gjeld for fire år og skal rullerast årleg.

Oversikt over vedtekne kommunedelplanar:

- Kommunedelplan for næring
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Hovudplan for vatn- og avlaup
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for klima og energi
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

I handlingsdelen vedtek kommunestyret strategiar og prioriteringar, som skal vere retningsgivande, innanfor dei ulike temaområda i perioden. Handlingsdelen seier noko om kva tema kvar tenesteeining skal ha eit særleg fokus på. Konkrete mål for kvart tema må konkretiserast i årsbudsjettet og skal rapporterast på per tertial og i årsmeldinga. Kvar tenesteeining har eit ansvar for å bidra til at kommunen når dei målsettingane som kommunestyret fastset gjennom overordna planar.



Samanhengen mellom ulike langtidsplanar i plansystemet og årsbudsjettet er skissert i figuren over.

## 2. Økonomiplan 2017-2020

---

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Det er eit krav etter kommunelova at kommunen kvart år vedtek ein økonomiplan med finansiering i balanse.

Økonomiplanen skal gi retning for kommunen sin ressursbruk i den komande fire-årsperioden. Ressursbruken må vere innanfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. Kommunen sine rammevilkår ligg til grunn for inntektene i økonomiplan. Kommunestyret sine prioriteringar ligg til grunn for disponeringane i økonomiplan.

Før prioritering av ressursane mellom tenesteområda skjer, bør overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett. Måla og rammene må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Det bør vedtakast lokale målsettingar på desse nøkkelområda:

- Korrigert netto driftsresultat
- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

I tillegg til å fastsette målsettingar på økonomiske nøkkelområde skal økonomiplan fastsette prognosar for driftsinntekter, rammer for driftsutgifter i planperioden og ein plan for investeringar i planperioden. Investeringsplanen skal synleggjere både prioritering og finansiering.

Økonomidelen er inndelt i fire delar:

1. Økonomiske rammeføresetnader
2. Målsettingar for nøkkelområde
3. Driftsutgifter
4. Investeringar

### 2.1 Økonomiske rammeføresetnader

Kommunen sine inntekter avhenger av

- Skatt på inntekt og formue for personar
- Egedomsskatt på verk og bruk, primært egedomsskatt på kraftverk
- Naturressursskatt
- Konesjonsavgift
- Andre statlege overføringar (tilskot m.m.)
- Utbyte frå ulike selskap

### Kommuneproposisjonen 2017

Frå revidert nasjonalbudsjett 2016 blir det lagt opp til ein realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter på mellom 3 ¼ og 4 mrd. kroner. Av dette vil mellom 3,45 og 3,7 mrd. kroner vere frie inntekter til kommunane, og 0,3 mrd. kroner til fylkeskommunane. 300 mill. kroner av veksten er grunngjeven med ytterlegare satsing på rustiltak. Inntektsveksten må sjåast i samanheng med at utgiftene aukar som følgje av folketalsvekst og demografisk utvikling.

Utrekningar frå Teknisk berekningsutval (TBU) tyder på at kommunesektoren kan få meirutgifter i 2017 på om lag 2,5 mrd. kroner, og at om lag 2,1 mrd. kroner må finansierast innanfor dei frie midlane.

Anslag frå departementet tilseier og at pensjonskostnadene vil auke med 850 mill. kroner, grunna reduksjon i avkastning på pensjonsmidlane og auka amortiseringskostnader. Dette skal og dekkast innanfor dei frie midlane.

Basisramma for skjønnsmidlar vert sett til 1 191 mill. kroner, ein reduksjon med 100 mill. kroner frå 2016. Det er usikkert korleis dette vil slå ut for Sogn og Fjordane. Reduksjonen i basisramma til kommunane vert overført til innbyggjartilskotet.

Veksttilskotet vert tildelt kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg folketalsvekst over 1,5 prosent i 2016. Sidan folketalsveksten har vore lågare dei siste åra vert vekstgrensa no sett til 1,4 prosent, slik at ein opprettheld tilskotet på dagens nivå.

Innføring av ny modell for selskapsskatt frå 2017 vert utsett. Regjeringa vil komme tilbake til dette i kommuneproposisjonen for 2018.

Ansvar for frivilligsentralar skal frå 2017 overtakast av kommunane, og vil bli lagt inn i rammetilskotet.

## 2.2 Målsettingar for nøkkelområde

### Driftsresultat

Rekneskapet 2015 syner eit driftsresultat på 66,8 millionar. Det store overskotet blir forklar med at kommunen i 2015 fekk overført 64,6 millionar frå staten til oppattbygging etter flaumen i oktober 2014. 49,3 millionar sto ubrukt på fond ved årsavslutning. I tillegg vart det i 2015 innbetalt ti millionar ekstra på utlån frå konsesjonsavgiftsfondet som blir rekna med i netto driftsresultat. Etter alle avsetningar er driftsoverskotet på mindre enn ein million. Korrigert med bruk av disposisjonsfond hadde kommunen i 2015 eit driftsunderskot.

#### Målområde driftsresultat:

Aurland kommune har som mål å oppnå 3% korrigert netto driftsresultat. Dette vil betre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.

### Likviditetsgrad

#### Målområde likviditet:

Aurland kommune skal betre botnlikviditeten med omlag 40 mill. kroner i løpet av planperioden.

### Gjeldsgrad

#### Målområde gjeldsgrad:

Aurland kommune skal ha eit mål om ikkje å overstige om lag 60% i gjeldsgrad.

### Premieavvik

#### Målområde premieavvik:

Kommunen skal innhente halvparten av dette i planperioden, og fondet skal ha ein storleik på 10 mill. kroner 31.12.2020.

## **Disposisjonsfond**

### **Målområde disposisjonsfond:**

Kommunen skal styrke disposisjonsfondet , og det skal ha ein storleik på over 20 mill. kroner 31.12.2020

## **Konsesjonsavgiftsfond**

### **Målområde konsesjonsavgiftsfondet:**

Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet , og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12.2020.

## 2.3 Driftsbudsjett 2017-2020

	Årsbudsj.	Økonomiplan			
(Tall i 1000 kr)	2016	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	75 900	78 200	78 200	78 200	78 200
Rammetilskudd	39 300	40 000	40 000	40 000	40 000
Eigedomsskatt	55 000	43 000	43 000	43 000	43 000
Konsesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300	15 300
Andre statlige overføringer	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>186 700</b>	<b>177 700</b>	<b>177 700</b>	<b>177 700</b>	<b>177 700</b>
Renteinntekter	1 500	1 019	1 019	1 019	1 019
Utbyte	3 900	10 000	10 000	10 000	10 000
Renteutgifter	-2 700	-2 700	-2 700	-2 700	-2 700
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>2 700</b>	<b>8 319</b>	<b>8 319</b>	<b>8 319</b>	<b>8 319</b>
Mottekne avdrag på lån	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avdragsutgifter	-5 000	-6 900	-6 900	-6 900	-6 900
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>-4 000</b>	<b>-5 900</b>	<b>-5 900</b>	<b>-5 900</b>	<b>-5 900</b>
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>-1 300</b>	<b>2 419</b>	<b>2 419</b>	<b>2 419</b>	<b>2 419</b>
<b>TIL FORDELING</b>	<b>185 400</b>	<b>180 119</b>	<b>180 119</b>	<b>180 119</b>	<b>180 119</b>
<b><i>Til driftsrammer:</i></b>					
Politisk leing	3 076	2 976	2 976	2 976	2 976
Sentraladministrasjon	11 497	8 797	8 797	8 797	8 797
Kultur	5 728	4 811	4 811	4 811	4 811
Aurland Barne og ungdomsskule	19 893	19 512	19 512	19 512	19 512
Flåm barnehage	3 547	4 410	4 410	4 410	4 410
Vangen barnehage	5 233	5 135	5 135	5 135	5 135
Flåm skule	6 728	6 474	6 474	6 474	6 474
Helse og førebyggande	11 080	11 104	11 104	11 104	11 104
NAV Aurland	2 440	2 390	2 390	2 390	2 390
Barnevern	2 779	3 004	3 004	3 004	3 004
Pleie og omsorg	60 357	57 409	57 409	57 409	57 409
Teknisk	25 726	24 230	24 230	24 230	24 230
Nøytrale inntekter / utgifter	11 456	11 200	11 200	11 200	11 200
Sal av konsesjonskraft	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Lønsoppgjer (blir fordelt)	0	2 500	2 500	2 500	2 500
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>165 540</b>	<b>159 952</b>	<b>159 952</b>	<b>159 952</b>	<b>159 952</b>
<b><i>Til disposisjon</i></b>	<b>19 860</b>	<b>20 167</b>	<b>20 167</b>	<b>20 167</b>	<b>20 167</b>
<b><i>Disposisjoner:</i></b>					
Avsetning til disposisjonsfond	-2 400	-3 707	-1 901	-1 901	-1 901
Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet	-16 300	-16 300	-16 300	-16 300	-16 300
Avsetning til særskilde tiltak (PLO)	-1 000				
Overføring til investering	-160	-160	-160	-160	-160
<b>Netto disposisjoner</b>	<b>-19 860</b>	<b>-20 167</b>	<b>-20 167</b>	<b>-20 167</b>	<b>-20 167</b>
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### NB!

Budsjettala for 2017 er framskrivne resten av perioden. Dette er gjort grunna usikkerheit med inntektene resten av perioden. Økonomiplanen vil bli gjennomgått i løpet av 2017 når ein har fått meir klare prognosar.

## 2.4 Investeringar 2017-2020

### FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2016-2019

ÅR	Budsjett	Sum	2017	2018	2019	2020
Tiltak	2016	2017-2020				
<b>Helse og omsorg</b>						
Opparbeiding Furuly, Lunde	2 000	15 000	15 000			
Telemedisin		200	200			
Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	6 000	18 000	1 000	11 000	6 000	
<b>Oppvekst</b>						
Barnehage	300	50 500	1 500	1 500	25 000	22 500
Universell utforming våtrom ABU		500	500			
<b>Vatn og avløp</b>						
Høgdebasseng Nedre Fretheim		1 950		1 950		
Renseanlegg Flåm sentrum		3 000	500	2 500		
Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)		2 000			2 000	
VA Klokkargården	700	700	700			
Desifiseringsplan for Gudvangen (infrastruktur)		1 100	550	550		
Hovudledning VA næringsareal Gudvangen	1 200	1 000	1 000			
Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen		2 000	-	1 300	700	
VA Bakka	500	500	-		500	
Vangen sentrum		500	-			500
VA Viki - Fretheim		800	800			
<b>Natur og idrett</b>						
Symjehall	4 000	37 000	3 500	30 000	3 500	
Terapibad		6 000	2 000	4 000		
Kunstgrasbane		-	-	-	-	-
Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onstadsida)	500	500	500			
Turveg Heggviki - Bøen	500	21 000	500	500	500	19 500
<b>Byggeprosjekt</b>						
Heradshuset	2 500	1 800	1 600	200		
Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugane		5 400	5 400			
Rassikring Nedre Brekke Flåm	4 500	4 500		4 500		
Skredsikring Åtnes	1 600	1 500	1 500			
Opparbeiding Ty	3 000	9 000	2 700	3 150	3 150	
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	850	7 000	1 750	1 750	1 750	1 750
Smiebakken		7 000	7 000			
Parkering Flåm og Gudvangen		1 000	1 000			
Oppgradering Ryavegen		2 000	1 000	1 000		
<b>Flaumkatastofen 2014</b>						
Investeringar etter flaumen	48 050	45 000	20 000	20 000	5 000	
Kommunal andel etter flaumen		5 000	1 000	4 000		
Breibandutbygging Flåm		1 000	1 000			
<b>Anna</b>						
Bustad flyktningar		2 500	2 500			
Tilrettelegging toalettanlegg		750	750			
Heving av kyrkjegard Aurland		200				200
Heving av Flåm kyrkje	4 000					
Branntiltak Flåm Barnehage	400					
Ringsystem helsetunet	500					
Utskifting gatelys	1 200	3 600	1 200	1 200	1 200	
gatelys bru til bru Gudvangen	300		-	300		
Returpunkt renovsajon Gudvangen	300					
Toalettanlegg Brekkefossen		-				
Oppgradering av tursti Brekkefossen	1 600	1 000	1 000			
Engasjement prosjektleiing investering	1 000	600	600			
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800	800	800			
Skifte av køyretøy/maskiner	300	300	300			
Tilrettelegging næringsareal	500	500	500			
Breibandutbygging	-	2 000	1 500	500		
IKT - investeringar	800	3 450	1 050	800	800	800
Gateadresser	100	200	200			
Eigenkapitalinnskot KLP	350	1 400	350	350	350	350
<b>Sum tiltak:</b>	<b>88 350</b>	<b>269 750</b>	<b>82 950</b>	<b>91 050</b>	<b>50 450</b>	<b>45 600</b>

<b>FINANSIERING:</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Sum</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Tiltak</b>	<b>2016</b>	<b>2017-2020</b>				
Mva refusjon	-9 663	<b>-51 210</b>	-15 790	-16 950	-9 450	-9 020
Sal av tomter		<b>-14 000</b>	-3 000	-6 000	-5 000	
Sal av bygg		<b>-7 500</b>	-7 500	-	-	-
Tilskot Husbanken Furuly		<b>-6 700</b>	-5 200	-	-750	-750
Tilskot Husbanken flyktningebustad			-1 000			
Tilskot bygningsmessige tiltak pleie og omsorg		<b>-8 000</b>	-	-4 000	-4 000	
Tilskot ENØK - tiltak Heradshuset		-				
Anleggsbidrag utbygger Smiebakken		<b>-3 600</b>	-3 600			
Skjønsmidler etter flaumen	-48 050	<b>-45 000</b>	-20 000	-20 000	-5 000	
Tilskot	-8 750	<b>-600</b>	-600			
Bruk av lån	-10 947	<b>-105 630</b>	-21 200	-36 670	-19 090	-28 670
Tilbakebetaling lån Fylket (finansiering Bjørgavegen)	-3 000	-	-			
Konsesjonsavgiftsfondet	-7 780	<b>-25 570</b>	-4 300	-7 270	-7 000	-7 000
Tilskot breibandsutbygging		<b>-600</b>	-600			
Bruk av lån (rentekomp frå 2017)		-				
Overført frå drift	-160	<b>-640</b>	-160	-160	-160	-160
Sum finansiering	<b>-88 350</b>	<b>-269 050</b>	<b>-82 950</b>	<b>-91 050</b>	<b>-50 450</b>	<b>-45 600</b>

**NB!** Ein del prosjekt er skyvd på som følgje av økonomi og kapasitet. Under følgjer kommentarar til prosjekta i 2017.

<b>FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2017</b>	
<b>ÅR</b>	<b>2017</b>
<b>Tiltak</b>	Heile 1000
<b>Helse og omsorg</b>	
<b>Opparbeiding Furuly, Lunde</b>	<b>15 000</b>
Oppføring av 6 bueiningar som Aurland kommune har fått tilsegn om støtte til frå Husbanken.	
<b>Telemedisin</b>	<b>200</b>
Innkjøp av nye tekniske løysingar i tilknytning til legekantor og Aurland Helsetun i samband med innføring av telemedisin.	
<b>Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg</b>	<b>1 000</b>
Gjennomføring av detaljplanlegging/utarbeiding av anbudsdokument for prosjektet.	
<b>Oppvekst</b>	
<b>Barnehage</b>	<b>1 500</b>
Avklaring av lokalisering av ny barnehage og utarbeiding av forprosjekt/anbudsgrunnlag	
<b>Universell utforming våtrom ABU</b>	<b>500</b>
Ominnreiing av våtrom ABU, tilpassa universell utforming	
<b>Vatn og avløp</b>	
<b>Reinseanlegg Flåm sentrum</b>	<b>500</b>
Gjennomføring av forprosjekt knyta til etablering av reinseanlegg for avløp for Flåm. Dagens anlegg (slamavskiljar) har avgrensa kapasitet.	
<b>VA Klokkargarden</b>	<b>700</b>
Utskifting av VA struktur i Klokkargarden. Dette arbeidet er og ein lekk i arbeidet med å forsterke vassforsyninga mot Ty bustadfelt.	
<b>Desinfiseringsplan for Gudvangen (infrastruktur)</b>	<b>550</b>
Sikringstiltak for vasskjelde for Gudvangen sentrum.	
<b>Hovudleidning VA – Næingsareal Gudvangen</b>	<b>1000</b>
Opparbeiding av VA struktur i tilknytning til bygging av Vikinglandsby og kajakkcenter	
Auke i kapasitet for Gudvangen vassverk.	

<b>FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2017</b>	
<b>ÅR</b>	<b>2017</b>
<b>Tiltak</b>	Heile 1000
<b>VA Viki - Fretheim</b>	<b>800</b>
Samhandlingsprosjekt med Aurland Energiverk i samband med framføring av infrastruktur og el.anlegg og VA. El.anlegg gjeld framføring av el.foryning til ladestasjon for skip i Flåm.	
<b>Natur og idrett</b>	
<b>Symjehall</b>	<b>3500</b>
Oppstart av detaljplanarbeid/anbodsdokument for rehabilitering av symjehall.	
<b>Terapibad</b>	<b>2000</b>
Oppstart av detaljplanlegging/anbodsdokument for terapibad i tilknytning til nytt garderobeanlegg for symjehall.	
<b>Vegutviding Onstad bru (svingen på Onstadsida)</b>	<b>500</b>
Vegutviding i samsvar med reguleringsplan for området, jf. vedtak om oreigning.	
<b>Byggeprosjekt</b>	
<b>Heradshuset</b>	<b>1 600</b>
Oppgradering av bygningsmasse. I 2017 vert det prioritert utskifting av yttertak og gjennomføring av tiltak for betre inn klima i bygningen.	
<b>Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugane</b>	<b>5 400</b>
Opparbeiding av kommunaltekniske anlegg i samband med utviding av bustadfeltet.	
<b>Skredsikring Åtnes</b>	<b>1 500</b>
Gjennomføring av sikringstiltak som er prosjektert i 2016.	
<b>Overtaking Ytstebøen bustadfelt</b>	<b>1750</b>
Vidareføring av sikringsarbeid som følgje av at Aurland kommune har overteke Ytstebøen bustadfelt.	
<b>Smiebakken</b>	<b>7 000</b>
Opparbeiding av kommunaltekniske anlegg og framføring av veg, knyta til privat utbyggar i feltet.	
<b>Parkering Flåm og Gudvangen</b>	<b>1000</b>
Førebuing av innføring av parkeringsavgift i Flåm og Gudvangen, og opparbeiding av parkeringsareal i Gudvangen	
<b>Oppgradering Ryavegen</b>	<b>1000</b>
Vidareføring av oppgradering med fast dekke og rekkverk	
<b>Flaumkatastofen 2014</b>	
<b>Investeringar etter flaumen</b>	<b>20 000</b>
Slutføring av prosjekt etter flaumhendinga i 2014, der Aurland kommune har motteke skjønsmidlar.	
<b>Kommunal andel etter flaumen</b>	<b>1 000</b>
Kommunal andel i slutføring av prosjekt etter flaumen 2014.	
<b>Breibandutbygging Flåm</b>	<b>1 000</b>
Montering av fiber i traseer som det er lagt ned trekkerøyr i 2016 i samband med andre anlegg etter flaumhendinga 2014.	
<b>Anna</b>	
<b>Bustad for flyktningar</b>	<b>2500</b>
Innkjøp av ein mellombels bustad knyta til flyktningsprosjekt.	
<b>Tilrettelegging av toalettanlegg</b>	<b>750</b>
Kartlegging av eksisterande anlegg og etablering av nye tiltak etter prioritering	
<b>Utskifting av gatelys</b>	<b>1200</b>

<b>FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2017</b>	
<b>ÅR</b>	<b>2017</b>
<b>Tiltak</b>	Heile 1000
Gjennomføring av kontrakt med MESTA om utskifting av gatelysarmatur med overgang til LED.	
<b>Oppgradering av tursti Brekkefossen</b>	<b>1 000</b>
Slutføring av prosjekt som blei starta opp i 2016	
<b>Engasjement prosjektleiing investering</b>	<b>600</b>
Vidareføring av 2-årig engasjement i tilknytning til investeringsprosjekt	
<b>Garderobeanlegg rutebilstasjon</b>	<b>800</b>
Gjennomføring av planlagde tiltak i 2016.	
<b>Skifte av køyretøy/maskiner</b>	<b>300</b>
Utskifting av truck ved miljøstasjon.	
<b>Breibandutbygging</b>	<b>1 500</b>
Kommunal andel i nye tiltak for utbygging av breiband, jf. utarbeidd plan for breibandutbygging.	
<b>IKT – investeringar</b>	<b>1 050</b>
Gjennomføring av utskifting av programvare og IKT utstyr.	
<b>Gateadresser</b>	<b>200</b>
Gjennomføring slutføring av tildeling av gateadresser	
<b>Eigenkapitalinnskot KLP</b>	<b>350</b>
Innbetaling av avtalt eigenkapitalinnskot i KLP	

### 3. Handlingsdel 2017-2020

#### Temaområde i planperioden

Temaområda i handlingsdelen skal vere gjennomgåande for alle delar av den kommunale drifta. Handlingsdelen viser prioriterte område for tenesteutvikling i planperioden innan for dei rammene som er fastsett i økonomiplan. Dei tre temaområda er (1) folkehelse, bustad og næring (2) bærekraft, miljø og beredskap, (3) kommunale tenester. Der vedtekne kommunedelplanar omhandlar dei aktuelle temaområda er vedtekne målsettingar henta frå desse.

#### 3.1 Folkehelse, bustad og næring

Kor attraktiv kommunen er for tilflyttarar og næringsdrivande heng ofte saman med andre kvalitetar ved lokalsamfunnet som til dømes sørvistilbod, infrastruktur og kulturtilbod. Det er difor viktig at kommunen også har fokus på desse sidene ved samfunnsutviklinga parallelt med målretta innsats for folkehelse, bustad og næring.

##### Relevante planar for folkehelsearbeidet:

Mål for folkehelsearbeidet er vedteke som ein del av kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse. I kommunedelplan for veg og trafikktryggleik og i kommunedelplan for helse og omsorg er det prioritert mange tiltak som vil vere positive for folkehelsa.


##### Prioriterte område innan folkehelsearbeidet:

Folkehelse tema i all kommunal planlegging  
Oversikt over helsetilstand som grunnlag for kommunal planstrategi  
Folkehelse vurdert i all kommunal sakshandsaming  
Legge til rette for ein aktiv kvardag for alle  
Folkehelsearbeid på alle tenesteområde  
Førebyggjande helsearbeid og frisklivsaktivitetar  
Førebyggje skade og ulykke  
Tidleg innsats i høve til barn og unge gjennom tverrfagleg samhandling og samarbeid  
Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar  
Få realisert fleire tiltak gjennom spelemiddelordninga

##### Bustad- og tomteutvikling

Tilgjenge på bustader blir oppfatta som eit hinder for tilflytting til kommunen.

Fram mot 2030 er folketalet i Aurland venta å stige med om lag 250 personar.



Kjelde: Fylkesspegelen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Den venta folketalsutviklinga i kommunen fører til eit behov for nye bustadar. Personar i ulike livsfasar og ulike livsituasjonar vil ha ulike bustadbehov. Dette inneber at kommunen må legge til rette for at det er tilgang på ulike typar bustader tilpassa ulike grupper.

Kommunen si rolle i samband med bustadutvikling er tilrettelegging for areal. Kommunen opnar for fleksibilitet i val av modellar for tomteutvikling slik at tomteutvikling kan skje anten i kommunal regi eller i privat regi. Bustadsosialt arbeid er ei kommunal oppgåve. Kommunen sitt ansvar er å skaffe bustad til ein del grupper som er rekna som vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I kommunedelplan for næring er tettstadutvikling peika på som ein viktig strategi og tiltak for samfunnsutvikling. Det er sett i gang prosjekt for sentrumsutvikling for Aurlandsvangen. I tillegg pågår det planarbeid for Flåm og Undredal sentrum. Kommunen har ei tilskotsordning for oppføring av ny heilårsbustad utanom regulerte byggeområde med kommunal infrastruktur

*Desse bustadprosjekta blir jobba med i planperioden:*

1. Bustadprosjekt Fretheimshaugane - del 2
  - Opnar for om lag 20 bustadeiningar i rekkehus, eller 11 einebustadtomter
  - Som ei oppfølging av planen og avtale om makebytte vert det jobba vidare med bustadfelt for Steingjerde som ligg like ved. Steingjerde kan opne for om lag 20 nye bustadeiningar.
2. Bustadprosjekt Ty - del 2
  - Opnar for inntil 25 bustadeiningar
3. Bustadprosjekt Furuly
  - Opnar for 6 - 8 mindre bustadeiningar, skal byggjast ut i regi av kommunen.
  - Bustadsosial føremål/offentleg føremål
  - Minst to bueiningar skal vere universelt utforma utover generelle krav til universell utforming
4. Bustadprosjekt Smiebakken
  - Opnar for inntil 49 bustadeiningar
  - Kommunen vurderer utbyggingsavtale

#### **Relevante planar for bustadområdet:**

Vedtekne areal- og reguleringsplanar

#### **Prioriterte område innan tema bustad:**

Tilrettelegging for bygging av fleire bustadar, utarbeiding av planar og tilrettelegging av infrastruktur

Tilrettelegging for bygging av bustadar som er tilpassa ulike behov

Utarbeide plan for bustadsosialt arbeid

Vere ein pådrivar for breibandutbygging

Prosjekt sentrumsutvikling for Aurlandsvangen

## Næringsutviklingsarbeid

Kommunen sine oppgåver er knytt til tilrettelegging av areal til næringsføremål og rådgjeving, og generelt vere pådrivar i høve til næringsutviklingsarbeid.

Samfunns- og næringsanalysen som vart utarbeidd for Aurland kommune i 2011 syner at verksemdar innan reiseliv og opplevingar samla sett sysselsett flest. Det er ikkje overraskande at verdiskapinga er størst innan fornybar energi. Oversikta syner ein variert næringsstruktur med mange arbeidsplassar også innan bygg og anlegg og anna tenesteyting. Sysselsetting i offentleg sektor er ikkje med. Tal tilsette i offentleg sektor er høgare enn tal sysselsette innan reiseliv og opplevingar, som er den største næringa innan privat sektor.

Tabell 4: Oversikt over nøkkeltall 2010 fordelt på næring. Kilde: Menon Business Economics

	Antall bedrifter	Antall sysselsatte	Verdiskaping (mill. kr)
Bygg og anlegg	41	126	74
Varehandel og produksjon av forbruksvarer	18	60	24
Reiseliv og opplevelser	58	181	147
Diverse tenesteyting	28	63	41
Jordbruk	61	61	19
Fornybar energi	2	60	823
<b>SUM</b>	<b>208</b>	<b>551</b>	<b>1 128</b>

Nasjonalt er det eit stort fokus på klimatilpassing og «Det grønne skiftet» i næringslivet. Det er naturleg at kommunen er ein pådrivar for dette lokalt og regionalt. Innan reiselivsnæringa er Aurland ein stor aktør som kan vere pådrivar for miljø både nasjonalt og internasjonalt.

Nærøyfjordområdet har sidan 2005 vore innskrevet på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvverdiane i fjordlandskapet er knytt til aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell og kulturlandskapet. Aurland kommune, har saman med dei andre kommunane i verdsarvområdet etablert stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark med formål å samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen i Nærøyfjordområdet. Aurland kommune yter driftstilskot til stiftinga.

Aurland kommune har eigarskap i fleire verksemdar med kommersielle føremål. Dette gjeld mellom anna Aurland ressursutvikling AS, Aurland energiverk AS, Luna Minerals AS, SognLab AS og Visit Sognefjord AS. Arbeid med eigarskapsstrategiar er starta opp hausten 2016 og bør vidareførast i 2017.

## Relevante planar for næring

I kommunedelplan for næring, vedteken 19.06.2014, er mål, strategi og tiltak for næringsutvikling i planperioden prioritert.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi 2016-2019

#### **Prioriterte tema innan næringsutvikling**

Oppfølging av prioriterte strategiar og tiltak i handlingsprogrammet til kommunedelplan for næring

Eigarsskapsmelding for selskap og føretak der kommunen er medeigar.

Utarbeide retningsliner for utleige av kommunale bygg, areal og eigedom til næringsformål

Jobbe med ein ny formgjevingsplan for torget i Flåm

Pådrivar i konkrete næringsutviklingsprosjekt

Pådrivar for klimatilpassing i næringslivet

Ta vare på Verdsarven

Ta stilling til parkeringsavgift for Flåm og Gudvangen

### **3.2 Bærekraft, miljø og beredskap**

Aurland har ein stor variasjon i landskapl. Store delar av kommunen er bygd ut og brukt i samband med kraftproduksjon. I høgjellet er det nasjonale villreinområde Nordfjella. I tillegg har kommunen Nærøyfjorden landskapsvernområde og fleire mindre verneområde etter naturmangfaldlova. Nærøyfjorden er og skreve inn på UNESCO si verdsarvliste som del av Vestnorsk fjordlandskap.

Aurland kommune har store utfordringar knytt til naturfarar. Dette gjeld særleg ras og flaumfarar. Flaumhendinga i oktober 2014 og fleire rashendingar dei siste åra syner alvoret i dette. Kommunen har gjort mykje kartleggingar av ras- og flaumfarar, i samband med eksisterande og planlagde utbyggingar. Nye utbyggingsområde er ei utfordring for kommunen. Her oppstår det interessekonfliktar mellom jordvern, tryggleik mot naturfarar og berekraftig utbygging i høve lokalisering i nærleiken av eksisterande utbyggingsområde.

Problemstillingar knytt til klima og energi, ras- og flaumfarar er viktige tema i kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kommunen planlegg rullering av desse planane i planperioden. Kommunen støttar seg på ulike nasjonale kompetanse- og forskingsmiljø innanfor desse fagområda.

Aurland kommune er vertskommune for E16 og mange tunnellar, difor er dette eit sentralt tema i beredskapsarbeidet til kommunen.

#### **Relevante planar for bærekraft, miljø og beredskap**

##### *Kjerneområde landbruk og kulturlandskap*

I gjeldande kommuneplan for Aurland er store område sett av som LNF-føremål utan å ha teke stilling til spreidd utbygging av bustad, fritidsbustad eller erverv, samt kjerneområde landbruk. Kjerneområde landbruk og kulturlandskap er ein plan som er viktig å sjå i samanheng med arealdelen til kommuneplan. Utbygging og jordvern er to sider av same sak og "plan for kjerneområde landbruk og kulturlandskap" er starta opp våren 2016. Framtidsretta omstilling i landbruket er ein viktig strategi i kommunedelplan for næring og denne planen vert eit viktig grunnlagsdokument innan næringsarbeidet.

##### *Forvaltningsplan for hjortevilt*

Forvaltningsplan for hjortevilt for Aurland, Lærdal og Årdal vart vedteken i 2011. Planen skal rullerast tidleg i planperioden. Framtidsretta omstilling i landbruket er ein viktig strategi i kommunedelplan for næring og plan for hjortevilt må sjåast i samanheng med denne.

##### *Kommunedelplan for klima og energi*

Kommunedelplan for klima og energi, vedteken 16.12.2010. Det er lagtopp til rullering i planperioden.

### *Kommunal beredskapsplan*

I medhald av lov om Sivilbeskyttelse, plan og bygningslova og naturskadelova har kommunen utarbeida overordna ROS som grunnlag for kommunal beredskapsplan. Beredskapsplanen er rullert i 2016.

### *Vassdirektiv*

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta)

Forskrifta trådte i kraft 1. januar 2007 og innførte EUs vassrammedirektiv i norsk forvaltning.

Vassforskrifta stiller nye og tydelege krav til vassforvaltning:

- all vassforvaltning skal samordnast på tvers av alle sektorar som forvaltar vatn (økosystemtankegang).
- alt vatn skal forvaltast innan sitt nedslagsfelt.
- alt vatn skal minst ha god økologisk tilstand.
- alt vatn skal minst ha god kjemisk tilstand.
- samfunnsnytte skal vurderast kontinuerleg.

Det er i samsvar med plan- og bygningslova utarbeidd regional plan for forvaltning av vatn(forvaltningsplan). Denne skal rullerast kvart 6. år. Føremålet med ein regional vassforvaltningsplan er å gje ei enkel og oversiktleg omtale av korleis Aurland kommune ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen på lang sikt, og i alle sektorar, slik at kommunen når målet med vassforskrifta. Alle forvaltningsnivå og sektorar med mynde er forplikta til å følgje opp forskrifta ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd. Det betyr at Aurland kommune skal følgje opp tiltak innafor sine heimla område som til dømes forureiningslova, vassressurslov mm. Aurland kommune er ikkje med på interkommunalt samarbeid på fagområde og har sjølv ansvaret for oppfølging av forvaltningsplanen.

#### **Prioriterte tema innan bærekraft, beredskap og miljø:**

- Naturressursar og miljø
- Kulturminne og kulturmiljø
- Rassikring og flaumsikring
- Klimatilpassing

Aurland kommune skal jobbe for å sikre berekraftig utvikling og tryggleik for menneske og miljø. Kommunen skal jobbe for å ta vare på naturressursane.

Dei viktigaste innsatsområda skal vere:

- Revisjon av kommunedelplan for klima og energi
- Det blir teke omsyn til miljøet i den daglege drifta – «Det grønne skiftet».
- Utarbeide strategiar for besøksforvaltning
- Utarbeide flaumsonekart og erosjonsanalyser for utsette vassdrag
- Faresoneringskart i samband med planarbeid
- Tiltak for rassikring av eksisterande busetnad
- Gjennomføre prosjekt «kartlegging av flaum- og skredsikringstiltak».
- Plan for kjerneområde landbruk og kulturlandskap ligg til grunn for arealplanlegginga
- Regionalt samarbeid om arealplanlegging for fjellområda. Oppfølging av handlingsdel til Regionalplan for Nordfjella, m.a. løype- og stiplan.
- Omsyn til kulturminne og kulturmiljø blir vurdert i kommunal arealplanlegging
- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne
- Oppfølging av forvaltningsplan for Indre Sogn vassområde

### 3.3 Kommunale tenester

I tillegg til rolla som samfunnsutviklar er kommunen ansvarleg for tenesteproduksjon ovanfor innbyggjarane. Kommunen har mellom anna ansvar for lovpålagte oppgåver som til dømes helse og omsorg, grunnskule, barnevern og forvaltningsoppgåver etter lovverk. Ei lang rekke lover og forskrifter utgjør dei forventningane som sentrale styresmakter har til kommunen. Lover og forskrifter klargjer i tillegg kva rettar innbyggjarane har til tenester frå kommunen.

I kommuneplanen for Aurland kommune står det at kommunen skal ha eit godt tenestetilbod kjenneteikna ved:

- god tilpassing til innbyggjarane sine behov
- effektivitet
- kvalitetsbevisste og motiverte medarbeidarar
- god organisasjonskultur

Storparten av den kommunale tenesteproduksjonen skjer i regi av kommunen. På ein del tenesteområde kjøper kommunen tenester frå private eller organiserer tenesteproduksjonen gjennom interkommunalt samarbeid eller eigne selskap. Kommunen må ha eit medvite forhold til at styring gjennom styringsrett og eigne tilsette, styring gjennom kontrakt og kontraktsoppfølging og styring gjennom kommunalt eigarskap krev ulike strategiar og ulik kompetanse.

I mange samanhengar er frivillige lag og organisasjonar også er ein viktig ressurs. Det er ikkje eit mål at frivillige lag og organisasjonar skal ta over kommunal tenesteproduksjon, men det er eit mål at det skal vere eit supplement, slik at vi kan nå målsettingar for samfunnsutviklinga. Ei frivilligmelding er eit verktøy for å avklare forventningar mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

#### Demografi

Fram til 2019 er folketalet venta å stige med 54 personar samanlikna med 2015. Tal unge mellom 6 - 12 og mellom 16 - 22 er venta nedgang dei neste åra. Det er venta ein større auke i personar mellom 23 - 66 og mellom 67 - 79. Auken i tal eldre over 80 år er venta frå om lag 2025.

Ar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
0	16	16	16	17	17	17	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18
1-2	28	32	33	34	34	36	36	36	36	37	38	38	38	38	38	38	38
3-5	45	42	44	46	50	51	53	54	54	55	56	57	57	57	57	57	57
6-12	126	119	118	115	111	110	109	111	115	117	120	123	125	127	128	129	130
13-15	64	60	52	54	51	55	57	54	53	48	49	48	49	50	54	54	54
16-22	159	153	151	151	153	142	144	148	141	142	141	137	140	137	134	136	132
23-66	974	997	996	991	1000	1016	1024	1027	1051	1055	1052	1064	1059	1059	1056	1064	1067
67-79	201	204	223	238	243	253	258	265	273	283	292	296	304	313	325	319	327
80-89	86	82	76	81	83	83	78	80	75	79	89	96	104	112	118	128	138
90+	28	31	30	29	27	27	27	29	29	25	24	26	21	24	24	25	23
sum	1727	1736	1739	1756	1769	1790	1804	1822	1845	1859	1879	1903	1915	1935	1952	1968	1984

Den demografiske utviklinga har innverknad på etterspurnad etter tenester i kommunen. Demografi må ligge til grunn for prioritering og korleis dei økonomiske rammene blir fastsett for kvart tenesteområde.

### **Andre nasjonale føringar**

Stortingsmeldingar som blir lagt fram legg føringar for nasjonal politikk og legg føringar for tilskotsordningar og endringar i lover og forskrifter.


- Klimatilpassing
- Integrering av flyktingar, busetting
- Endring i barnevernslova
- Samhandlingsreforma held fram med nye oppgåver og auka krav til kompetanse
- Ny rammeplan for barnehagar
- Kompetansekrav for lærarar

### **Kommunereforma**


1. juli 2016 var fristen for kommunane til å gjere vedtak om samanslåing i kommunereforma. Aurland kommune vedtok å halde fram som eigen kommune. Kommunar som ikkje er heilt ferdige med prosessen, vil få høve til å fullføra i løpet av hausten 2016. Regjeringa vil fremja framlegg til endringar i kommunestrukturen for Stortinget våren 2017.

I det nye inntektssystemet får Aurland kompensert for avstandsulempe. I dette ligg det at kommunen får kompensert noko for å vere «ufrivillig liten». Når det gjeld utfordringane med å stå åleine er det viktig at kommunen har fokus på økonomiske bærekraft og kvalitet i tenestene. effektivitet og einheitskostnadar, fagkompetanse og rekruttering. Kommunen må vurdere interkommunale avtalar på tenestekjøp for å løyse oppgåvene.

## Administrasjon og politisk styring høge kostnader pr innbyggjar



Samanlikna med nabokommunar og samanliknbare kommunar ligg Aurland kommune høgt på utgifter til administrasjon pr innbyggjar. Det same gjeld utgifter til politisk styring pr innbyggjar. Mange politiske utval (11 utval i 2015) og høg møteaktivitet (68 møte i 2015) fører til mykje arbeid med førebuing, gjennomføring og etterarbeid for kvart møte. Til samanlikning hadde Sogndal kommune 35 møte i 6 politiske utval i 2015.



**Prioriterte tema innan overordna kvalitet og styring**

- Bemanningsplanar for heile verksemda
- Sørviserklæringar
- Effektivisering og einheitskostnader (inkl brukarbetaling, utgifter til administrasjon og politisk styring)
- IKT-strategi
- Kompetanse og rekruttering
- Innkjøp og kontraktsoppfølging (inkl delavtaler med helseføretaket)
- Demografitilpassingar

**Prioriterte tema innan kommunale tenester:**

- Nye oppgåver innan rus- og psykiatri frå 2017
- Krav til psykologteneste frå 2020
- Ansvar for tannhelseteneste frå 2020
- Frisklivsaktivitetar
- Omstilling innan pleie og omsorg
- Auka kompetansekrav for lærarar
- System for styrka læring og ungdomstrinn i utvikling (utviklingsarbeid for skulane)
- Plan for psykisk helse i skular og barnehagar (tverrfagleg førebyggjande innsats)
- Innføring av ny rammeplan for barnehagane (inkl kompetanseheving gjennom fagnettverk i regi av Sogn regionråd)
- Innføring av ny rammeplan for kulturskulen
- Utgreie interkommunalt samarbeid om legetenester
- Gjennomgang av skule og helsestasjonstilbodet
- Kompetanseheving innan brann
- Busetting og integrering av flyktningar
- Plan for bustadsosialt arbeid

**Investeringar**

- Rehabilitering av symjebassenget
- Bygging av ny barnehage
- Bygge kommunale bustader tilpassa ulike behov
- Investeringar innan pleie og omsorg
- Fleire prosjekt innan vatn og avlaup
- Rehabilitering Heradshuset
- Garderobeanlegg for teknisk

## 4. Kommunal planstrategi

For kvar kommunestyreperiode skal det utarbeidast eigen planstrategi. Dokumentet skal vere utarbeidd og vedteke av kommunestyret innan eit år etter at det vert konstituert. Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp og/eller vidareføre i fireårs perioden for å leggje til rette for ei ønskja utvikling i kommunen.

Planstrategien syner kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i kommunestyreperioden ut i frå utfordringa for kommunen som organisasjon og samfunn må løyse.

Den kommunale planstrategien skal fungera som eit verktøy for styring og prioritering av planbehov. Den skal vidare sikre overordna planlegging. Planstrategien er eit dokument som gjev retning og har ikkje direkte rettsverknad, det er ikkje ein plan.

Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi vert det avklart om kommuneplanen skal rullerast, samt kva planar som det nye kommunestyret ynskjer å arbeide med i perioden. Planstrategien blir oppdatert ved årleg rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.

### 4.1 Overordna føringar:

#### *Nasjonale forventingar:*

Regjeringa har utarbeidd nasjonale forventingar for perioden 2015-2019. Det er fokusert på tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområder
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling.

Innanfor kvart område er det formulert tydelege forventingar til kommunen si planlegging.

#### *Regional planstrategi:*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd regional planstrategi for 2016-2020. For Sogn og Fjordane er det peika ut fem hovudtema:

- Demografi og levekår
- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimautfordringar

Fylkeskommunen har gjort ei prioritering i høve planarbeid som skal gjennomførast i perioden som ser slik ut.

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rullering					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

## 4.2 Prioriterte planoppgåver

### Planer og plandokument etter plan og bygningslova

#### Planstrategi

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Planstrategi	RÅD	revisjon	intern	slutt			start

#### Kommuneplan

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Samfunnsdel	RÅD	revisjon	Intern/ekstern	start		slutt	
Arealdel	RÅD	revisjon	Intern/ekstern		start	slutt	

#### Kommunedelplanar

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
KDP for kulturminne	Kultur	igangsatt	intern	start		slutt	
KDP for klima og energi	RÅD	revisjon	intern		start	slutt	
KDP for veg og trafikktrygging	Teknisk	revisjon	intern/ekstern		start slutt		
KDP fysisk aktivitet og folkehelse	Kultur	revisjon	intern				start
KDP for helse og omsorg	Helse	revisjon	intern				start
KDP for næring	RÅD	vidareførast		Vert ikkje revidert i kommunestyreperioden			

#### Reguleringsplanar i kommunal regi

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Ty del 2, bustad	RÅD	igangsatt	intern/ekstern	slutt			
Heggvikji – Bøen, turveg	RÅD	vedteken	intern/ekstern	slutt			
Reguleringsplan for tilkomst til Flåm skule	RÅD	vedteken	intern/ekstern	slutt			
Reguleringsplan for Flåmkyrkje – Flåmshagen	RÅD	vedteken	intern/ekstern	slutt			
Helgheim, bygningstiltak knytt til pleie og omsorg	RÅD	vedteken	intern/ekstern	slutt			
Fretheimshaugane bustadfelt del 2	RÅD	vedteken	intern/ekstern	slutt			
Ny barnehage, Aurland	RÅD	igangsatt	intern/ekstern		slutt		
Områdeplan for Undredal	RÅD	igangsatt	intern/ekstern		slutt		

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Områdeplan Flåm	RÅD	igangsatt	intern/ekstern		slutt		
Steingjerde, bustad Flåm	RÅD	igangsatt	intern/ekstern	start	slutt		
Ny tilkomst Ty	RÅD	igangsatt	intern/ekstern	start	slutt		
Terahagen, Næringsareal	RÅD	ny	intern/ekstern		start	slutt	
Sentrumsutvikling Aurlandsvngen	RÅD	revisjon	intern/ekstern		start	slutt	

### Planer og styringsdokument etter kommunelova

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan	RÅD	årleg revisjon	intern	start	start	start	start
				slutt	slutt	slutt	slutt
Årsbudsjett	RÅD	årleg revisjon	intern	start	start	start	start
				slutt	slutt	slutt	slutt

### Sektorplaner og andre temaplaner

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kjerneområde landbruk	FÅLA	igangsatt	Intern	start	slutt		
Sti og løypeplan	Kultur	igangsatt	Intern	start	slutt		
Friluftsområde	RÅD	igangsatt	Intern	start	slutt		
Tiltaksstrategi SMIL NMSK	FÅLA	revisjon	Intern		start slutt		
Forvaltningsplan for hjortevilt	FÅLA	revisjon	Intern		start	slutt	
Hovudplan for vatn	Teknisk	revisjon	Intern/ekstern			start	slutt
Hovudplan for avlaup	Teknisk	revisjon	Intern/ekstern			start	slutt

### Andre styringsdokument

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kommunereforma	RÅD		intern/ekstern	slutt			
Overordna ROS	RÅD	revisjon	intern			Start	slutt
Beredskapsplan	RÅD	revisjon	intern	slutt			start
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Helse	revisjon	intern	slutt			start
Eigarskapsmelding	RÅD	ny	intern	start	slutt		
Lønspolitiske retningslinjer	RÅD	revisjon	intern	start	slutt		
Serviceerklæringer	RÅD	ny	intern	start	slutt		
Bemanningsplan	RÅD	ny	intern	start	slutt		
Plan for bustadsosialt arbeid	NAV	ny	intern		start slutt		
Kompetanseplan	RÅD		intern		start	slutt	
Frivilligmelding	Kultur	ny	intern		start	slutt	

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Evaluering politisk organisering	RÅD		intern			start	slutt
Arbeidsgjevarstrategi	RÅD	revisjon	intern				start
Finansreglement	RÅD	revisjon	intern		start	slutt	
IKT-startegi	RÅD	ny	intern		start	slutt	

### Større utredningar og kunnskapsdokument

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Oversiktsdok. folkehelse	Kultur	revisjon	intern	slutt			start
Årleg oversikt over folkehelsa	Kultur	årleg revisjon	intern	start	start	start	start
				slutt	slutt	slutt	slutt
Plan for besøksforvaltning Verdsarvområde vestnorsk fjordlandskap	RÅD	ny	ekstern/ intern		slutt		
Kartlegging av flaum- og skredsikringstiltak	RÅD/ teknisk		intern/ ekstern			start	slutt
Utviklingsmelding for grunnskule, barnehage og kulturskule	RÅD	årleg	intern	start	start	start	start
				slutt	slutt	slutt	slutt
Evaluering skulehelseteneste	Helse		intern		start		
					slutt		
Kommunekompasset	RÅD		intern/ ekstern		start		
					slutt		
Medarbeidarundersøking	RÅD		intern/ ekstern		start		
					start		